



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 7

(2002–2003)

Om lov om endring i lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 18. oktober 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

I proposisjonen vert det gjort framlegg om at grunngebyret i rettsgebyrlova § 1 (R) vert sett opp frå kr 670 til kr 700, med verknad frå 1. januar 2003. Framlegget om auke er i samsvar med framlegget i St. prp. nr. 1 (2002–2003) for budsjetterminen 2003, Justis- og politidepartementet side 59.

Satsen vart sist endra frå kr 655 til kr 670 med verknad frå 1. januar 2002. Dei økonomiske verknadane av auken er innarbeidde i St. prp. nr. 1 (2002–2003).

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endring i lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr

I

I lov 17. desember 1982 nr. 86 skal § 1 andre leddet lyde:

Gebyret beregnes med utgangspunkt i et grunngebyr kalt rettsgebyret. Dette utgjør *kr 700*.

II

Lova tek til å gjelde 1. januar 2003.

=====